



**Alf Eidsvik junior vart ny leiar i idrettslaget under konstitueringa som gjekk føre seg på skulen i kveld. Han avløyer Bjarne Lilleaas.**

**Janne Yri vart nestleiar, Anbjørn Høivik skrivar, Oddmund Soldal kasserar, Ingunn Myklebust sponsorkontakt og Linda Jensen representant til Kvinnherad Idrettsråd.**

Tre gruppeleiarar var til stades under konstitueringa. Det var Odd Steinar Arnesen frå fotballgruppa, Steinar Haugland frå turgruppa og Terese T. Haugland frå turngruppa.

På biletet er Eidsvik flankert av Yri og Jensen medan Høivik og Myklebust står bak. Soldal var ikkje på møtet.

Foto: Ola Matti Mathisen